

## Forklaring til foreslått løysing

### Utviding av rundkøyring/snuplass med kiss & ride løysing:

Det er planlagt å utvide hjørneavrundingane ved rundkøyringa slik det blir lettare for bussen å køyre inn og ut av rundkøyringa. Rundkøyringa er tenkt utvida med ca. 2 meter i ytterkant og gjere meir av trafikkøya til asfaltert køyrbart areal. Dei 2 ytterste metrane er tenkt til «Kiss and ride». Dette skal vere areal til rask av og påstigning med effektiv trafikkflyt. Dette arealet er det ikkje lov å parkere på. Bilar som skal parkere må bruke parkeringsplassen sør for rundkøyringa.

Det vert frå hausten av brukt større bussar med lengde på 15 meter. Det er prøvd å tatt omsyn til dette. Vi ber fylkeskommunen kome med nærare føringar med tanke på nødvendig snu-/manøvreringsareal for bussane.

### Utviding og oppmerking av parkeringsplass:

Eksisterande parkeringsplass ved skulen er tenkt utvida til 24 plasser. 12 plasser inn mot austsida av skulebygget og 12 plasser ut frå bygget med 8 meter manøvreringsareal i mellom parkeringsplassane. Parkeringsplassane er dimensjonert med breidde 2,5 m og lengde 5,0-5,5 m i henhald til Statens vegvesen si handbok N100. Parkeringsplassane skal merkast opp og det er tenkt å ha fysisk skille mellom parkeringsfeltet og areal for sikker sone for gåande.

### Sikker sone for gåande.

Denne sona skal vere trygg for biltrafikken, og ein ønsker at dei mjuke trafikantane beveger seg mest mogleg i denne sona og ikkje i parkeringsområdet. Kryssingsområdet mellom denne sona og gangveg «C» vil vere eit konfliktpunkt. Det er dermed viktig at bilistar har god sikt og lett kan oppdage gåande i dette kryssingspunktet. Det må leggest til rette for at trafikken har lav fart ved dette punktet. Ein ønsker at alle dei mjuke trafikantane frå aust krysser trafikken her, og at ein får eit forutsigbart trafikkemønster.

### Gjerde rundt skulen.

Det er planlagt å setje opp gjerde rundt skulen. Slik ein får eit fysisk skille mellom skuleplassen og trafikkområde rundt skulen.

### Skiltplan gjennomkøyring forbode – Kamsdalsvegen/Ådalsvegen

Med omsyn til trafiksikkerheit for dei mjuke trafikantane, og då spesielt med tanke på skulebarn, er det foreslått å stenge Kamsdalsvegen og Ådalsvegen for gjennomkøyringstrafikk. Dette vil seie at ein ikkje kan køyre gjennom desse vegane når ein skal køyre barna sine til skulen. Biltrafikken til skulen vil då gå via fylkesvegane, og Kamsdalsvegen og Ådalsvegen vil ha minimalt med biltrafikk. Ein får då ein tryggare skuleveg for barna som går eller sykklar til skulen frå sør og sørvestlege del av øya. Det vil framleis vere behov for gangveg langs fylkesveg 5950 «Godøyvegen» heilt bort til Juv, før skulevegen har ønska tryggleik. Kommunen har ikkje økonomisk kapasitet til å gjennomføre dette i samband med dette prosjektet, men dette er tiltak som bør gjennomførast på sikt.

Dei som bur langs Kamsdalsvegen og Ådalsvegen vil fortsatt kunne køyre til og frå bustadane sine frå begge retningar. Det same vil gjelde for besøkande til bustadane langs vegane. Dei som driv med landbruksdrift vil også kunne fortsette å bruke desse vegane som tilkomst til landbruksareala.

Forbodet vil også gjelde for dei som skal køyre til Godøyhallen. Ønska trafikk til Godøyhallen er via fylkesvegane og ned Ådalsvegen frå Gøymyrane i nord. Det er ikkje tenkt at ein kan køyre gjennom Kamsdalsvegen eller Ådalsvegen, for å sleppe av passasjerer til Godøy skule eller Godøy hallen, og snu ved enden og køyre tilbake. Då har ein brutt hensikta med skiltinga. Hensikta med skiltinga er å få ned trafikken på vegane, mens ein framleis opnar opp for at ein har tilkomst til bustadane langs vegane og tilkomst til jordbruksdrifta.

### Tiltak på fylkesveg 5952 «Gøymyrane»

Kommunen har også sett på trafikktryggleiken langs fylkesveg 5952, Gøymyrane. Det er hovudsakleg tre tiltak kommunen jobber med og ønsker skal bli gjennomført på Fv5952, for å få ein trygg skuleveg for elevane på Godøy skule.

Kommunen ønsker å utbetre eksisterande gangfelt over Gøymyrane ved Godøy skule. Ønska tiltak er å gjere gangfeltet om til eit opphøgd gangfelt med intensivbelysning. Dette er eit såpass viktig kryssingspunkt og det er viktig at trafikken held lav fart i dette området og at det er lett å sjå folk som krysser vegen her. Det er også her dei fleste barna vil krysse vegen, når dei går eller sykklar til skulen.

Kommunen ønsker at fartsgrensa på Fv 5952 «Gøymyrane» blir senka til 40 km/t i strekninga forbi Godøy skule. I henhold til fartsgrensekriterier frå Statens vegvesen kan fartsgrense 40 km/t brukast på strekningar utanfor tettbygd strøk, som ligg ved skuler på ein slik måte at eit stort antall barn/unge må krysse vegen kvar gang dei skal til eller frå skulen. Vi ønsker også at det setjast opp eit forvarselsskilt med underskilt for avstand når ein kjem frå Alnestunnel i 80-sona mot 50-sona (ønska 40-sona) ved Godøy skule.

Kommunen ønsker nytt gangfelt ved krysset mellom Gøymyrane og Godøyvegen. Dette er eit sentralt kryssingspunkt på øya. Både barn som skal til skulen, folk som skal til busstoppet og generelt gåande og syklande som ferdast på øya vil ha behov for å krysse vegen i dette området.

Tiltaka ved fylkesvegen vil vere avhengig av Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering av tiltaka, og Møre og Romsdal fylkeskommune må godkjenne tiltaka før dei kan utførast.